



Gil Edwards då han var i Dønhaugkjedlaren 5. april. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag kveld er det ny låvedans på Dønhaug, denne gongen med Gil Edwards (opprinneleg frå USA) og Pat Savage (opprinneleg frå Canada) som spelar saman og kjem med felles band. Det vil bli ei ny oppleving for publikum på meir enn ein måte. Etter vedtak i formannskapet tidlegare i sommar er läven og Dønhaugkjedlaren no slege saman til eitt

skjenkeområde. Dermed kan gjestene heretter vandre fritt mellom dei to lokala. Det er ein stor fordel både for dei og personalet.

Pat og Gil er ikkje minst kjende som artistar innan moorsykkelmiljøet og opptrer på dei store treffa rundt om i verda. Dei dreg til dømes direkte til eit treff i Portugal frå Dønhaug. Dei har med seg ein bassist og ein trommeslagar til Uskedalen.

Under påskekonserten i Dønhaugkjedlaren imponerte Gil Edwards stort, men så har han da også opparbeidd seg eit stort og trufast publikum rundt om i landet.

Han er fødd i USA, men fekk tilbod om å reisa til Noreg for å spela for ein amerikansk låtskrivarorganisasjon. Og etter eit tøft møte med landet vårt fekk han etter kvart fleire oppdrag og no er han blant dei mest ettertrakta og populære trubadurer i Noreg. Han har slege seg ned med familien sin like utanfor Ålesund. Gil har gjeve ut plater både her og i Danmark – den siste CD-en kom for vel eitt år sidan.

Om Pat frå Toronto heter det i skryteartiklane at han er ein ekstraordinær gitarist som spela og song allereie då han var åtte år gamal. Då hadde han allereie vært trommeslagar i tre år. Seinere studerte han både måling, drama og dans.

Han har gjennom åra fått mange prisar i USA og Canada for sine musikalske og sanglege prestasjonar. Han har gjeve ut tre CD-ar som har fått gode kritikkar. Pat vart bokstaveleg tala fødd inn i motorsykkelmiljøet og blir karakterisert som nummer ein blant underhaldarane i dette miljøet.

Pat og Gill er svært allsidige musikarar, som framfor alt opptrer både innan roots/rock, men også er innom blues, country og pop. Det blir spanande å oppleve dei saman på Dønhaug.

Magne Huglen opplysar til uskedalen.no at det framleis er ledige billetter, som ein kan kjøpa både på bensinstasjonen, SPAR og ved inngangen. I Dønhaugkjedlaren blir det ikkje levande musikk, men det er servering også der.

Vermeldingane er ikkje er dei mest gunstige framfor denne låvedansen, men det er grunn til å minna om at festfolket har solid tak over hovudet.

Av Ola Matti Mathisen